



Byggmester Steinar Thunold
Solsmittet 2
5136 MJØLKERÅEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/48 - 15/10273

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
26.05.2015

Mangel- Søknad om riving/nedbrenning og oppføring av nytt våningshus på gbnr 57/3 på Sætre

Meland kommune har gått gjennom Dykkar søknad om nedbrenning/riving og oppføring av nytt våningshus på gbnr 57/3 på Sætre motteke 14.04 og 21.05.2015 og ser at søknaden er mangelfull. Vi ber om at følgjande dokumentasjon vert innsendt:

- Det må sendast inn søknad om tilkopling til kommunalt vassverk til våningshuset. Den De har no, er overført til bustaddelen i garasjen.
- Det må sendast inn dokumentasjon på at slamavskillar har kapasitet til både bustaden i garasjen og våningshuset.

Administrasjonen legg til grunn at byggetshøgde er i samsvar med Pbl. § 29-4 sine krav til maksimal gesims og mønehøgde, henholdsvis 8 og 9 meter over gjennomsnitts planert terreng. Dersom dette ikkje er tilfelle krev bygget dispensasjon, og slik søknad må sendast kommunen.

Tiltaket må ikkje setjast i gang før løyve etter Plan- og bygningslova § 20-1 er gjeve. Dykkar søknad vert difor lagt i ventearkiv, i påvente av at manglande dokumentasjon vert innsendt. Når søknaden er komplett vil den verta teke fram til ordinær handsaming.

Kommunen held seg rett til å be om ytterlegare dokumentasjon dersom sakshandsamar finn dette naudsynt ved nøyare gjennomgang.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

